

Møteprotokoll

Utval:	Prosjektstyret for Fagskolen i Vestland
Møtestad:	Nettmøte Zoom
Dato:	17.09.2021
Tid:	11:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Sigurd Reksnes	Nestleiar	Eigar (SP)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	Eigar (H)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv, LO
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	Arbeidsliv, NHO
Sjur Inge Veim	Medlem	Tilsette
Tom Alexander Østensen	Medlem	Studentar

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bård Sandal	Medlem	Eigar (adm.)

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kathrin Jakobsen	Sandal	Eigar (adm.)

Merknader

Per Arne Nygård (vara studentar) stiller som fast observatør med møte- og talerett. Nygård møtte.

Gunnar Barmen Solvåg (vara tilsette) stiller som fast observatør med møte- og talerett..

Kathrin Jakobsen deltok i møtet frå kl. 12:00 i samband med handsaminga av VS 10/21 og VS 11/21.

Sakshandsaminga av VS 10/21 og 11/21 vart gjort i lukka møte. I tillegg til medlemmene i styret og varaar med møte og talerett, var Bjørn Lyngedal, Svein Heggheim og Torbjørn Mjelstad til stade frå adminstrasjonen.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Prosjektretor
Adeline B. Landro	Sekretariat for prosjektstyret
Reidar Grønli	Rektor for Fagskolen i Sogn og Fjordane
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Svein Heggheim	Administrativ støtte for prosjektstyret

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 08/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2021/753	
GK 09/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 28.05.2021	2021/753	
	Vedtaksaker		
VS 06/21	Vedtak om nye forskrifter for Fagskolen i Vestland	2021/753	
VS 07/21	Kvalitetsutviklingssystem for Fagskolen i Vestland	2021/753	
VS 08/21	Innføring av ISO 21001:2018 for Fagskolen i Vestland	2021/753	
VS 09/21	Studieavgift ved Fagskolen i Vestland	2021/753	
VS 10/21	Tilsetjing av prorektor for utdanning	2020/79073	FVL § 13
VS 11/21	Tilsetjing av prorektor for organisasjon og samhandling	2020/79073	FVL § 13

Godkjenningssaker

GK 08/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 09/21 Godkjenning av møteprotokoll frå 28.05.2021

Vedtak

Møteprotokoll frå 28.05.2021 vart godkjent utan merknader.

Vedtaksaker

VS 06/21 Vedtak om nye forskrifter for Fagskulen i Vestland

Forslag til vedtak

1. Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 1).
2. Studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 2).

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Representanten Gadolin sette fram følgjande forslag til vedtak:

1. I Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland, og studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert nemninga Nasjonal Klagenemnd for fagskoleutdanning endra til Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning i tråd med revidert forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning.
2. Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 1) samt vedtakspunkt 1.
3. Studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 2) saman med følgjande endring i § 3-13 femte ledd:

«(5) For at fagskulen skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten ha avlagt studiepoeng ved fagskulen tilsvarande minste resultatberande eining i fagskoleutdanninga studenten ønskjer vitnemål eller annan dokumentasjon for. Det er normalt den siste fagskulen som har ein student før fullført utdanningsløp som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet. Ved godskriving mellom fagskular kan det avtalast særskilte ordningar for utskriving av vitnemål mellom dei aktuelle fagskulane.»

Røysting

Gadolin sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. I Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland, og studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert nemninga Nasjonal Klagenemnd for fagskoleutdanning endra til Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning i tråd med revidert forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning.
2. Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 1) samt vedtakspunkt 1.
3. Studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke med dei endringane som er føreslått i saksframlegget med vedlegg (vedlegg 2) saman med følgjande endring i § 3-13 femte ledd:

«(5) For at fagskulen skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten ha avlagt studiepoeng ved fagskulen tilsvarende minste resultatberande eining i fagskoleutdanninga studenten ønskjer vitnemål eller annan dokumentasjon for. Det er normalt den siste fagskulen som har ein student før fullført utdanningsløp som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet. Ved godskriving mellom fagskular kan det avtalast særskilte ordningar for utskriving av vitnemål mellom dei aktuelle fagskulane.»

VS 07/21 Kvalitetsutviklingssystem for Fagskulen i Vestland

Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret vedtek kvalitetsutviklingssystem for Fagskulen i Vestland slik det kjem fram av saka.
2. Systembeskrivinga med vedlegg vert eventuelt oppdatert med namn etter handsaming av politisk sak i fylkestinget om namn for den samanslåtte fagskulen.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Prosjektstyret vedtek kvalitetsutviklingssystem for Fagskulen i Vestland slik det kjem fram av saka.
2. Systembeskrivinga med vedlegg vert eventuelt oppdatert med namn etter handsaming av politisk sak i fylkestinget om namn for den samanslåtte fagskulen.

VS 08/21 Innføring av ISO 21001:2018 for Fagskulen i Vestland

Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret gjev sin tilslutnad til å innføre ISO 21001:2018 for Fagskulen i Vestland og det vert etablert eit prosjekt som skal sørge for implementeringa.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Prosjektstyret gjev sin tilslutnad til å innføre ISO 21001:2018 for Fagskulen i Vestland og det vert etablert eit prosjekt som skal sørge for implementeringa.

VS 09/21 Studieavgift ved Fagskulen i Vestland

Forslag til vedtak

1. Dagens satsar for studieavgift, kr 3000,- (FiH) og 8000,- (FiSF) vert vidareført ut skuleåret 2021/22 på bakgrunn av dei vilkåra som studentane har fått opptak på.

2. Det skal vere ei studieavgift for dei nett- og samlingsbaserte utdanningane på kr 3000,- frå 01.08.2022.

3. Utdanninga Lokal matkultur ved studiestad Hjeltnes er ikkje omfatta av studieavgifta.

4. Satsen for studieavgifta vert vurdert på nytt i løpet av skuleåret 2022/23.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Representanten Gadolin sette fram følgjande forslag til nytt punkt 5:

«Prosjektstyret oppfordrer det kommende fagskolestyret å evaluere studieavgiften etter neste års opptak.»

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, saman med Gadolin sitt forslag til nytt punkt 5.

Vedtak

1. Dagens satsar for studieavgift, kr 3000,- (FiH) og 8000,- (FiSF) vert vidareført ut skuleåret 2021/22 på bakgrunn av dei vilkåra som studentane har fått opptak på.

2. Det skal vere ei studieavgift for dei nett- og samlingsbaserte utdanningane på kr 3000,- frå 01.08.2022.

3. Utdanninga Lokal matkultur ved studiestad Hjeltnes er ikkje omfatta av studieavgifta.

4. Satsen for studieavgifta vert vurdert på nytt i løpet av skuleåret 2022/23.

5. Prosjektstyret oppfordrer det kommende fagskolestyret å evaluere studieavgiften etter neste års opptak.

VS 10/21 Tilsetjing av prorektor for utdanning

Forslag til vedtak

1. Reidar Grønli vert tilsett som prorektor for utdanning ved Fagskulen i Vestland

2. Tilsetjinga gjeld frå 01.01.2022 eller så snart det er praktisk mogleg å tiltre

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Reidar Grønli vert tilsett som prorektor for utdanning ved Fagskulen i Vestland
2. Tilsetjinga gjeld frå 01.01.2022 eller så snart det er praktisk mogleg å tiltre

VS 10/21 Tilsetjing av prorektor for organisasjon og samhandling

Forslag til vedtak

1. Adeline Berntsen Landro vert tilsett som prorektor for organisasjon og samhandling ved Fagskulen i Vestland
2. Dersom Adeline Berntsen Landro ikkje tek mot stillinga, vert Gøril Vikøren Nøkleby tilsett
3. Tilsetjinga gjeld frå 01.01.2022 eller så snart det er praktisk mogleg å tiltre

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 17.09.2021

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Adeline Berntsen Landro vert tilsett som prorektor for organisasjon og samhandling ved Fagskulen i Vestland
2. Dersom Adeline Berntsen Landro ikkje tek mot stillinga, vert Gøril Vikøren Nøkleby tilsett
3. Tilsetjinga gjeld frå 01.01.2022 eller så snart det er praktisk mogleg å tiltre